

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Onsdag **15. februar 2023** blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Anne Tone Salte Andersen.

MØTESTAD:	Vindafjord rådhus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	Kl. 15.00 – kl. 16.15
MØTANDE MEDLEMER:	Eivind Hetland (Krf), Knut Severin Berge (Frp), Anne Tone Salte Andersen (H) og Olaug Mari Øen (Sp)
MØTANDE VARAMEDLEMER:	1. vara Øyvind Oland (H)
FORFALL:	Kjell Ove Leite (H)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Odd Gunnar Høie og rådgjevar Sjur Hatlen – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS:	Revisor Jeanette Sømnes
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Ingen
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 23.11.22

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 23.11.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 15.02.23:

Utvalsleiar las opp e-post frå Erling Halleraker og Stig Hetland. Dei takka for rask og god tilbakemelding, jf. referatsak 34/22.

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.23:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 23.11.22 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 02/23 TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «PLAN- OG BYGGJESAK»

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Plan- og byggjesak» i samsvar med prosjektmandat dagsett 30.01.23 (med dei endringane som kjem fram i møtet).

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 250 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 15.02.23:

Revisor las opp prosjektets føremål, metode og problemstillingane. Medlemmane drøfta mandatet og framlegg til problemstillingar. Utvalet meinte det var viktig å få fram brukarane sine erfaringar og opplevingar.

Revisor noterte seg innspela. Ho meinte desse kunne innarbeidast innfor mandatet sine rammer.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.23:

Vindafjord kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Plan- og byggjesak» i samsvar med prosjektmandat dagsett 30.01.23.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei rame på 250 timar.

SAK 03/23 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2022

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2022 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tek årsmeldinga for 2022 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 15.02.23:

Leiar gjekk gjennom årsmeldinga. Ho og medlemmene hadde nokre spørsmål og kommentarar. Sekretær svara på spørsmåla.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.23:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2022.

Innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tek årsmeldinga for 2022 frå kontrollutvalet til orientering.

SAK 04/23 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 15.02.23

1. Statusrapport pr. februar 2023
2. Tertialrapport pr. 31.12.22 fra Rogaland Revisjon IKS
3. Kst-vedtak 13.12.22, sak 60/22 – 2. gongs oppfølging av rapport «IKT og info.»
4. Protokoll fra representantskapsmøte i HIM IKS 30.11.22
5. Protokoll fra ekstraordinær gen. forsamling Haugaland Kraft AS 21.12.22
6. NKRFs kontrollutvalgskonferansen 1. - 2. februar oppsummering v/sekretær
7. Invitasjon til FKTs fagkonferanse – 31.05 - 01.06.23 i Trondheim
8. Statsforvalteren i Rogaland - Informasjon om statlige tilsyn med kommunene i 2023

Handsaming i kontrollutvalet 15.02.23:

Leiar gjorde greie for referatsakene. Sekretærane refererte frå NKRF konferansen.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.02.23:

Referatsaker 1 – 8 blir tatt til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: onsdag 24.05.23, kl. 15.00

Saker: kommunen sin årsrekneskap for 2022 og forenkla etterlevingskontroll.

Ølen/Aksdal, 15.02.23

Anne Tone Salte Andersen
Kontrollutvalsleiar

Sjur Hatlen
Utvalssekretær